



Lave priser. Alltid.

2 FOR  
30  
KR

## Kyllingkjøttdeig

Coop. 9% fett. 400 g  
Pr kg v/kjøp av 1 stk kr 43,00.  
Pr kg v/kjøp av 2 stk kr 37,50.  
1 stk kr 17,20

2 FOR  
30  
KR

## Potetgull

Maarud. Salt & pepper, salt eller paprika. 250 g  
Pr kg v/kjøp av 1 pose fra kr 103,20.  
Pr kg v/kjøp av 2 poser kr 60,00.  
1 pose fra kr 25,80

2 FOR  
30  
KR

## Frokostjuice

Coop. 1,5 l.  
Pr l v/kjøp av 1 stk 14,27.  
Pr l v/kjøp av 2 stk 10,00.  
1 stk kr 21,40

2 FOR  
50  
KR

## Toalettpapir

Lambi. 6 ruller.  
Pr 100 m v/kjøp av 1 pk kr 27,00.  
Pr 100 m v/kjøp av 2 pk kr 20,83.  
1 pk 32,40

Bli medlem og  
få kjøpeutbytte  
på alle varer!  
Se coop.no



**Nytt liv:** Dette bygget vart sett opp som konfeksjonsfabrikk for 40 år sidan. No blir det nytt bedehus i Tomrefjord.

BEGGE FOTO: OLAV SKJEGSTAD

# Fabrikk blir bedehus

## Samarbeid om nytt bedehus i Tomrefjord

Tomrefjord får nytt bedehus i bygget til tidlegare Lie-Ko-Fa. STX Langsten overtek det gamle bedehuset og riv det.

OLAV SKJEGSTAD  
olav.skjegstad@r-b.no

**TOMREFJORD:** Tomrefjord bedehus får overta den tidlegare konfeksjonsfabrikken Lie-Ko-Fa for ei krone. Dette er innstillinga frå eit samrøystes Vestnes formannskap, som hadde saka opp på møtet måndag.

Det er kommunen som i dag eig bygget, etter at dei kjøpte det av GN Eiendom AS i 1992 for 500.000 kroner. Etter at det var slutt med produksjon i lokala, har bygget vore brukt både til dagsenter og barnehage. No står bygget tomt, og kommunen hadde ingen konkrete planar om bruk av bygget før Tomrefjord bedehus kom inn i bildet.

**Allsidig bruk.** Området der bygget står er ikkje regulert, men i kommuneplanen er det oppgjeve til offentlege føremål. I vedtaket frå formannskapet blir det understreka at det er viktig at flest mogleg kan bruke det nye bedehuset, sidan kommunen ikkje har bygg som vert brukt til kyrkjelege formål i Tomrefjord. Samstundes med at Tomrefjord bedehus får nye lokale, kjøper STX OSV Langsten dagens bedehus for 1,5 millionar kroner. Dei vil rive bedehuset for å utvide parkeringsplassen ved verftet. Tomrefjord bedehus ligg i dag tett inn til STX Langsten, mellom vegen og verftet.



**Snart slutt:** Det går mot slutten for Tomrefjord bedehus, som blir rive for å gje meir plass til parkering.

**To millionar.** Styremedlem Olav Egil Tomren i Tomrefjord bedehus seier at dei planlegg å bruke pengane til opprusting av Lie-Ko-Fa bygget.

– Det er i god stand, men det må ein del ombygging og tilpassingar til. I tillegg til 1,5 millionar frå STX har vi rundt ein halv million kroner på bok, dette vil vi kome langt med, seier Olav Egil Tomren til Romsdals Budstikke.

Når det gjeld spørsmålet om betaling for bygget, viser formannskapet til tidlegare praksis for støtte til denne type bygg. Både i Fiksdal og Tresfjord har kommunen gjeve betydelege beløp til finansiering av kyrkjelydshus, og formannskapet meiner det er berre rimeleg at Tomrefjord får overta bygget utan betaling. Saka skal no opp til endeleg behandling i Vestnes kommunestyre den 27. september. Med ei samrøystes innstilling blir dette berre ein formalitet.

**Namneendring?** – Vi er glad for vedtaket i formannskapet. No må vi planlegge kva vi må gjere

med bygget. Bygningskroppen er god, men det blir eit omfattande arbeid med isolering og skifting av vindauge. Men vi skal få til mykje for to millionar kroner, seier Hans Frafjord, styreleiar i Tomrefjord bedehus.

Bygget frå 1970-talet har ei grunnflate på 250 kvadratmeter, og er på to etasjar.

– Det vil få ei breiare plattform enn dagens bedehus, og det kan bli ei namneendring. Kyrkja brukar i dag Tomrefjord bedehus, dei vil også bli ein aktiv del av det nye bygget. Dette må vi kome tilbake til, vi må også gjere formelle vedtak i saka etter at kommunestyret har fatta endeleg vedtak, seier Frafjord.

Han kan ikkje seie om når det nye huset vil bli tatt i bruk, men reknar med at dagens bedehus vil vere i bruk til dei har flytta inn i nye lokale.

Med salet av Tomrefjord bedehus er begge dei to bedehusa i Tomrefjord snart historie. Bedehuset på Vik er tidlegare selt til Vestnes MC-klubb, som brukar det som klubblokale.